



FORBRUKEROMBUDET

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Deres ref.
13/6051

Vår ref.
Sak nr: 14/127-2
Saksbehandler: Helge Blyberg
Dir.tlf: 45230006

Dato:
17.02.2014

Forbrukarombodets høyringsfråsegn til forslag om innføring av mellombels dispensasjonsføresegn i privatskulelova

Eg viser til Kunnskapsdepartementets høyringsbrev av 10. januar 2014, der det blir bedt om høyringsfråsegner til forslaget nemnt ovanfor.

Forbrukarombudet fører tilsyn med at dei næringsdrivande si marknadsføring, handelspraksis og avtalevilkår er i samsvar med marknadsføringslova. I tilsynet med avtalevilkår etter marknadsføringslova § 22, ser eg dessverre forbrukarproblem med privatskular og private utdanningsinstitusjonar som eg ønskjer å uttrykkje ei generell bekymring for.

I brevet mitt av 30. oktober 2013 til kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen, peika eg særleg på utfordringar rundt urimelege avtalevilkår i skulekontraktar, i tillegg til behovet for alternativ tvisteløysing for dei tilfella der det oppstår ei sivilrettsleg tvist mellom skule og forbrukar.

Eg har ingen særskilde merknadar til den konkrete endringa i privatskulelova som vert foreslått no. Likevel vil eg be om at forbrukarspørsmål som gjer seg gjeldande for elevar og studentar av private skular og utdanningsinstitusjonar, vert tatt omsyn til i arbeidet som departementet skal gjere gjennom forslag til heilskaplege lovendingar når det gjeld private skular. Dette vil til dømes kunne innebere lov- eller forskriftsfesting av krav til korleis partanes kontraktsrettelege rettar og plikter skal regulerast i avtalar om skuleplass.

Eg stiller meg til disposisjon for Kunnskapsdepartementet dersom det er ønskeleg å konferere om dette, elles vil eg kome med meir utfyllande innspel i høyringsrunden som er varsla til hausten 2014.

Med vennleg helsing

Gry Nergård
forbrukarombod